



MØTEINNKALLING

Utval: Naturutvalet

Møtedato 04.12.2018

Møtetid: Kl. 16.00

Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikke møta utan nærmere innkalling

Forfall til møtet må meldast snarast råd til sørvissenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til sørvissenteret.

Karl Bård Kollbotn

Leiar i utvalet

SAKLISTE**Saker til handsaming på møtet**

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
018/2018	18/1740	Faste saker	
019/2018	18/838	Dispensasjon frå byggjegrense mot nabo på GBNR 18/49	
020/2018	18/572	Rullering av handlingsprogram og prioritering av spelemiddelsøknader	
021/2018	18/1730	Heilskapleg ROS-analyse for Samnanger kommune	Deler av rapp. Unnateke off. §24 - ettersendast

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none"> • Godkjenning av innkalling og sakliste • Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte • Delegerete vedtak/referatsaker • Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 18/1740	Løpenr: 18/9234
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	04.12.2018	018/2018

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.
 Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.
 Delegerte vedtak/referatsaker.
 Utvalet sitt kvarter.

Oversikt over delegerte saker og informasjonssaker:

Liste over delegerte saker
 Status Børddalen
 Veg til Hagabotnane
 Løe i Hagabakkane



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Roald Aandahl	Arkivkode: GBNR-18/11
Arkivsaksnr: 18/838	Løpenr: 18/9235
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	04.12.2018	019/2018

Dispensasjon fra byggjegrense mot nabo på GBNR 18/49

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i pbl. §19-2 gjevest det dispensasjon frå pbl. § 29-4 avstandskravet 4 meter frå nabogrense på gnr/bnr 18/11.

Kommunen vurderer konsekvensane for 18/49 til ikkje å vere vesentleg større enn ein må pårekne i eit område for fortetting. Kommunen finn heller ikkje at omsynet til pbl. §29-4 vert vesentlig sett til side på grunn av at konsekvensane er små. Fordelane knytt til nærskap til viktige målpunkt for brukarar av omsorgbustadene vurderast å vere vesentleg større enn ulempane ved utbygginga.

Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

-Det skal ikkje byggjast nærrere enn 1 meter frå nabogrense til gbnr 18/11, jf. vedlagte planteikning.

Vedtaket kan pålagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket.

I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva som er endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevest.

Dokument som ikkje er vedlagt:

(slett denne teksten dersom du ikkje viser til dokument som ikkje er vedlagt)

Kva saka gjeld:

Det er søkt om å byggje omsorgsbustadar inntil 1 meter frå nabogrense. Kommunen kan med heimel i pbl. §29-4 godkjenne bygg nærrare enn 4 meter om eigar har gitt skriftleg samtykke til tiltaket. I denne saken har det ikkje lukkast kommunen å komme til avtale med eigar av gnr/bnr. 18/49. Det vil

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve for bygget. Kommunen vurderar at det ikkje er trøng for ny nabovarsling for handsaming av dispensasjonen.

Vurderingar og konsekvensar:

Dispensasjon etter plan- og bygningsloven § 19-2 forutsetter at to kumulative vilkår er oppfylt. For det første må omsynet bak bestemmelsen det dispenseres frå, og omsynet til loven sin føremålsbestemmelse, ikke verte vesentlig sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon være klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering. Det andre vilkåret inneber at det må foreligge en klar overvekt av omsyn som taler for dispensasjon. Det må ligge føre relevante fordelar. En slik fordel må etter sikker rett være tilstrekkelig spesifisert og klårt angitt, og den må ligge innenfor de rammene plan- og bygningsloven sett.


Ombudsmannen har ved flere anledninger uttalt seg om spørsmålet om dispensasjon fra kravet til 4 meter avstand fra nabogrense, og har gitt uttrykk for at det skal ein del til for å oppfylle de relativt strenge krava for dispensasjon fra avstandskravet. Ombudsmannen grunngjer dette mellom anna med at det må leggjast til grunn at lovgjevar allereie har gjort en avveining mellom utbyggjar og naboen sine interesser.

Kommunen har prøvd å komme til avtale om plassering nærmare grensen enn 4 meter, men har ikkje lukkast. Eigar av gnr/bnr 18/49 vart tilbuddt kompensasjon for eventuell ulempa. Kompensasjonen var at kommunen ville avstå grunn ved å frådele grunn til 18/49 sin tilkomstveg (om lag 125m²).

Det er ei klår ulempa å få eit bygg plassert nærmare eigedomsgrensa enn 4 meter. Om kommunen plasserer eit bygg 1 meter frå grensa, fører det til at eigar av 18/49 ikkje kan plassere eit bygg (utan ekstra brannsikring) nærmare enn 7 meter frå grensa.

Likevel vurderer kommunen at ulempen er liten grunna av at så godt som heile dette arealet ligg innan byggjegrensa mot bekken som skiljar dei to eigedomene. Dette er areal som vanskelegt let seg byggja ut. Både på grunn av at det ligg i flauksenon til bekken, og vil krevje omfattande sikring mot erosjon. Figur 1 synar plassering av bygget med innteikna byggjegrense mot bekk (blå skravur, 5m), og den raude skravuren synar 8 meter avstand frå fasadelivet. Det er under 2m² som ikkje kan bebyggjast utan tiltak for brannsikring.

Ulempen vurderast av kommunen å være låg, og ikkje større enn ein må rekne med i eit byggeområde for fortetting.



Det er trøng for omsorgsbustader i kommunen.

Kommunen sin oppgåve er å leggje tilhøva til rette for at brukarane av omsorgsenteret skal kunne leve eit mest mogleg aktivt og «normalt» liv. Fleire tomter han vore vurdert for plassering av omsorgsbustadene. Denne plasseringa skiljer seg klårt ut som den beste både med omsyn til tilgang til kollektivtransport, og ligg i gongavstand frå handelssenteret i kommunen. Handelssenteret har til dømes forretningar, bibliotek og post. I tillegg går det gong og sykkelveg i begge retningar frå bustadene som også gir direkte tilgong til kyrkje og grendahus. Etter ein heilskapleg vurdering er fordelane ved å plassere omsorgsbustadene på denne tomta vesentleg større enn at ulempen med at tomta er noko trøng.

I samband med søknad om rammeløyve vart tiltaket nabovarsla. Grunna at rammesøknaden var så detaljert at naboer og gjenboere harhatt moglegheit til å vurdere konsekvensane av tiltaket opp mot sine interesser i bygesaken, finn ikkje kommunen det naudsynt å varsle på nytt om dei same tingene.

Eigar av gnr/bnr 18/49 kom med følgjande merknader

Nabomerknader til planteikningen i nabovarselet, jf søknad til rammeløyvet var følgjande:

1. Eigedomsgrense fremgår ikkje av situasjonsplanen
2. Bygget er prosjektert over eigedomsgrense senter bekk mot nordaust
3. Byggegrense 4 meter er ikkje oppretthalde
4. Adkomstvegen til omsorgsbustadane må gjerast uavhengig av min eksiterande veg.
Dette fordi besökande og ansatte tidlegare har parkert framfor min veg og tidvis blokkert / sperra og vanskeleggjere adkomst.
5. For evt. ombygging av bekk må undertegnede involverast

Nabomerknader er vurdert slik:

1. Eigedomsgrenser er målt inn på nytt av kommunen. Dei er synt med stipla svart tjukk linje på revidert situasjonskart. Dette er sendt eigar av gnr/bnr 18/49 samman med avtaleutkast.
2. Bygget er prosjektert minimum 1 meter frå nabogrense.
3. Det er ikkje mulig å overholde byggegrensa på 4 meter slik bygget med uteplass og fellesbygg er prosjektert. Alternativet er optimalisert i forhold til både avstand nabogrense , kommunal veg samt eksisterande bygg. Det er og søkt dispensasjon frå avstandskravet.
4. Delt adkomstveg er ei god løysing med omsyn til at ein reduserar konfliktpunkt mot samlevegen. Eksisterande adkomstveg er eigd av kommunen. Eigedomen 18/49 har bruksrett til vegen. Kommunen vurderer ny adkomst å vere tilfredsstillande som tilkomst for nabo. Omsorgbustadene har eigen parkering. Det skal ikkje vere naudsynt (eller lovleg) å parkere slik at ein er til hinder for adkomst til gnr/bnr 18/49.

Plasseringa vil ikkje vere til større sjanse for naboeigedom- eller redusere tomta sine verdier med omsyn til utsikt, pårekneleg utnyttelse av tomta, usjenert uteplass, parkeringsplasser, lys/ soltilhøve og tilgjengelige(adkomst).

Konklusjon:

Kommunen vurderer konsekvensene for 18/49 til ikkje å vere vesentleg større enn ein må pårekne i eit område for fortetting. Kommunen finn heller ikkje at omsynet til pbl. §29-4 vert vesentlig sett til side på grunn av at konsekvensane er små. Fordelane knyta til nærskap til viktige målpunkt for brukarar av omsorgbustadene vurderast å vere vesentleg større enn ulempane ved utbygginga.

Rådmannen finn med bakgrunn i dette å kunne tilrå dispensasjonen.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Meline Heimdal Haugland	Arkivkode: FA-D11
Arkivsaksnr: 18/572	Løpenr: 18/9090
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	04.12.2018	020/2018

Rullering av handlingsprogram og prioritering av spelemiddelsøknader Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek handlingsprogrammet for 2019 og prioriterer søknader om spelemidlar til ordinære anlegg i denne rekkefølgja:

1. Kunstgrasbane
2. Friidrettsanlegg
3. Bjørkheim friluftsområde

Dokument som er vedlagt:

Handlingsprogram 2019

Dokument som ikke er vedlagt:

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2018 (for tildelinger i 2019)

Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

Kva saka gjeld:

For å kunna søka om spelemidlar til ordinære anlegg er det ein føresetnad at tiltaket det vert søkt om tilskot til, inngår i ein vedteken kommunal plan. For å fanga opp nye eller endra behov krev plan- og bygningsloven ein årleg rullering av handlingsdelen. Dette gjelder handlingsprogrammet i Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Søknadane som er kome inn skal prioriterast gjennom politisk vedtak og i samsvar med Samnanger kommune sin Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Rulleringa av handlingsprogrammet og prioritering av søknader no i 2018 vert oversendt til Hordaland fylkeskommune og handsama i 2019.

I spelemiddelordninga er anlegga delt opp i to grupper: ordinære anlegg og nærmiljøanlegg.

9 av 16

Ordinære anlegg vert meint som anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet samt eigenorganisert fysisk aktivitet. Det er tre søknader om spelemidlar til ordinære anlegg.

Nærmiljøanlegg vert meint som utandørsanlegg for eigenorganisert , fysisk aktivitet, plassert i tiknytning til bu- og/eller aktivitetsområder. Nærmiljøanlegget skal vera fritt, ållment tilgjengeleg for eineorganisert aktivitet, først og fremst for barn og ungdom, men også lokalbefolkninga for øvrig. Det er ingen søknader om spelemidlar til nærmiljøanlegg.

Vurderingar og konsekvensar:

I år er det tre søknader til ordinære anlegg å prioritera mellom. Det er kunstgrasbane og friidrettsanlegg i Hagabotnane, samt Bjørkheim friluftsområde.

På grunn av stort etterslep i Hordaland vil tiltaka ikkje få prioritet før søknaden har vore fremja i tre år. To av tiltaka har vore søkt på tidligare. Det vart søkt om tilskot kunstgrasbana i 2016, 2017 og 2018, og det vart søkt om tilskot til friidrettsanlegget i 2017 og 2018. Det er førebels kun kunstrasbana som er tildelt midlar. Kunstgrasbana er tildelt kr 1 200 000 av søknadssum på kr 2 500 000. Friidrettsbana er tildelt kr 0 av søknassum på kr 1 056 000. Begge søknadane er i orden og kan gjentakast til neste år. Bergen og Omland friluftsråd, i samarbeid med Samnanger kommune, søker for første gong om tilskot til Bjørkheim friluftsområde i runden for 2019. Søknaden er i orden. Finansieringa på kr 2 500 000 inkl. moms blei vedteken i Formannskapet 22.11.18 sak 058/2018 for Budsjett 2019 og Økonomiplan 2019-2022. Saka skal vidare til Kommunestyret for endeleg vedtak i møte 13.12.18.

Prioriteringa av spelemiddelsøknader skal i utgangspunktet vurderast ut frå kva for eit anlegg det er mest behov for. Samstundes er det eit stort etterslep i Hordaland, og det er som regel få søknader å prioritera mellom i Samnanger. Det gjer at det vert naturleg å ha ei «kjø-ordning», kor dei som søker på andre året etc. vert prioritert før nye søknader.

Me har valt å leggja til grunn for ei kjø-ordning. Då vert kunstgrasbana prioritert som nummer 1 og friidrettsanlegget som nummer 2. Bjørkheim friluftsområde vil vera ein ny søknad og vert prioritert som nummer 3.

Alle idrettsanlegg som får godkjent søknaden sin av Hordaland fylkeskommune vil til slutt få spelemidlar, men det kan ta fleire år.

1 Handlingsprogram 2018-2021

1.1 Idrettsanlegg

(km = kommunale midler, sm = speleemidler, pm = private midler)

Uprioritert handlingsprogram 2023-2028							
Anleggstype	Prosjekteigar	Mål/str	Drift per år		Kostnad anlegg	Finansiering (i kr 1000)	Merknader
			km	pm			
Fleir brukshall	Samnanger kommune						
Motorcrossbane	Samnanger kommune						
BMX-løype	Samnanger kommune						
Sti rundt Nordvikvatnet	Nordbygda ungdomslag						
Ny heis i bassenget	Samnanger kommune						



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Roald Aandahl	Arkivkode:
Arkivsaksnr: 18/1730	Løpenr: 18/9179
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	04.12.2018	021/2018

Heilskapleg ROS-analyse for Samnanger kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i §14 i lov om kommunal beredskapsplikt legger Samnanger kommune «Heilskapleg risiko- og sårbaranalyse» ut til offentleg ettersyn.

Samnanger kommune vedtek reviderte akseptkriteriar med tilhøyrande risikomatrissar.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Rapport – Heilskapleg ROS- analyse for Samnanger kommune

Appendiks 1 – Hendinger

Link til disse dokumenta vert sendt på eige melding.

Kva sakा gjeld:

Kommunestyret vedtok i sak 087/16 at Samnanger kommune starta opp revisjon av kommunen sin overordna ROS-analyse.

Lov om kommunal beredskapsplikt §14 skildrar at Kommunen pliktar å kartleggje kva for uønska hendingar som kan skje i kommunen, vurdere sannsyn for at desse hendingane kan skje og korleis dei i så fall kan påvirke kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal samanstillast i ei heilskapleg risiko og sårbaranalyse.

Fylkesmannen si beredskapsavdeling har hatt tilsyn med Samnanger kommune sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid i 2016.

Fylkesmannen avdekte to avvik under tilsynet. Kommunen har får frist til 01.01.2019 med å utarbeide Ros-analyse og lukke avvika.

Kommunen har vedteke eigne akseptkriterium. Siden akseptkriteriane vart godkjent har det vore endringar i nasjonale føringar på metodikk. For å betre kunne sammenligne resultatar med andre kommunar og offentlege styresmaktar sine anbefalinger har kommunen i mindre grad justert akseptkriterianen for å vere meir kompartible med dei nasjonale føringane. Dette gjer at akseptkriteriene med tilhøyrande risikomatrissar må vedtekast på nytt av kommunestyret.

12 av 16

Kommunen vel å også nytte dsb sin rettleiar sin inndeling i konsekvenskategoriar, sannsynkategoriar og metode for fastsetting av usikkerhet og styrbarhet.

Følgjande hendingar vurderast med omsyn til eksisterande og framtidige sårbarheitfaktorar i kommunen:

Naturhendingar	Tilsikta hendingar	Store ulukkar	Svikt i kritisk infrastruktur
Skred/ras	Kriminell handling	Transportulukke	Svikt i:
Flaum/overvatn	Terror	-Sjø	-Vassforsyning
Ekstremver	Sabotasje	-Luft	-Straum
Naturulukker	Digital sabotasje	-Land	-Dambrot
Jordskjelv		Kollaps infrastruktur.	-Veg
Vassboren		Brann i sårbare objekt.	-Digital infrastruktur
sjukdom		Eksplosjon	-Utfall nødnett
Matboren		Skog/lyngbrann	
sjukdom		Storbrann	
Akutt forureining		Arrangementulukke	
Epedemi/pandemi		Atomulukke	
		-utland	
		-luftbore utslepp	
		Farleg gods	
		Forureining	

Med grunn at sluttproduktet skal vere eit offentleg dokument er spørsmål og problemstillingar knytte til mellom anna objekttryggleik, terror og krigsliknande tilstandar ikkje vurderte i særleg grad.

Det har dei seinare år vore auka merksemd om temaet terror og sabotasje. På nasjonalt nivå vert det gjort mykje for førebyggje at noko liknande skal kunne skje igjen. Det vert òg arbeidd mykje for å samordne og effektivisere innsatsen frå naudetatane for å bøte av for følgjene av framtidige terrorhandlingar.

Fareidentifikasjonen avgrensast i denne rapporten til hendingar i fredstid og risikovurderingane utførte med utgangspunkt i ein fredstidssituasjon.

Rapporten er eit grunnlagsdokument med framlegg til risikoreduserande tiltak på kritiske område og tek føre seg kartlegging og reduksjon av risiko.

Akseptkriterium

Sannsynkategoriar

For å skille dei ulike uønskede hendingane frå kvarandre og få en spredning i risiko- og sårbarhetsbildet nyttast følgjande inndeling i konsekvenskategoriar:

Kategori	Verdi	Tidsintervall	Årleg sannsyn	Forklaring
E	5	Oftere enn 1 gong i løpet av 10 år	> 10 %	Svært høg
D	4	1 gong i løpet av 10 til 50 år	2–10 %	Høg
C	3	1 gong i løpet av 50 til 100 år	1–2 %	Middels
B	2	1 gong i løpet av 100 til 1 000 år	0,1–1 %	Låg
A	1	Sjeldnare enn 1 gong i løpet av 1 000 år	< 0,1 %	Særs låg

Tabell 1 - Sannsynkategoriar

Samfunnsverdi og konsekvenstyper

Samfunnsverdi	Konsekvestypar
Liv og helse	Død skadar og sjukdom
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov Forstyrringar i dagleglivet
Natur og miljø	Longtidskadar på naturmiljø Longtidsskader på kulturmiljø/-minner
Materielle verdiar	Økonomisk tap

Tabell 2 - Samfunnsverdi og konsekvenstypar

Kategoriar for konsekvens

Fare er i denne analysen definert som tilhøve som kan lede til konkrete stadfesta hendingar. Ein fare er i seg sjølve ikkje stadfesta og kan representera ei gruppe hendingar som liknar mykje. Tabellane er basert på DSB sin rettleiar og SIGVe-rettleiaren samt sjekklista nytta hjå fleire fylkesmenn. Tabellen syner ein systematisk gjennomgang av analyseobjekta i høve til dei ulike farar og tema som er relevante.

Kategori	Forklaring
5	Særs store
4	Store
3	Middels
2	Små
1	Særs små

Liv og helse

Kategori	Dødsfall	Skadar og sjukdom
5	>10	>100
4	6-10	20-100
3	3-5	6-20
2	1-2	3-5
1	0	1-7


**Stabilitet**

Befolkinga mangler mat, vatn, varme, medisinar, eller forsyrringar i dagleglivet som at man ikkje kjem

14 av 16

seg på arbeid/Skule, eller manglar tilgong på offentlege tenestar, infrastruktur eller varer

Varighet	<50 pers	50-200 pers	200-1000pers	>1000pers
>7 dager	3	4	5	5
2-7 dager	2	3	4	5
1-2 dager	1	2	3	4
<1 dag	1	1	2	3





Natur og miljø – Skade på naturmiljø

Varighet	Geografisk utbreiing			
	<3km ² /km	3-30 km ² /km	30-300 km ² /km	300 km ² /km
>10 år	2	3	4	5
3-10 år	1	2	3	4

Natur og miljø – Skade på kulturmiljø


Varighet	Fredingstatus/ verneverdi				
	Verneverdige kulturminne	Verneverdige kulturmiljø	Freda kulturminne	Freda kulturmiljø	
Omfattande skade	2	3	4	5	
Avgrensa skade	1	2	3	4	





Materielle verdiar

Konsekvens	Kategori	Materielle verdiar
Katastrofal	5	Skader for meir enn kr 250 000 000.
Kritisk	4	Skader for inntil kr 250 000 000.
Alvorleg	3	Skader for inntil kr 50 000 000.
Moderat	2	Skader for inntil kr 5 000 000.
Liten	1	Skader for inntil kr 500 000.



Vurderingar og konsekvensar:

Følgjande hendingar har vore vurdert i prosjektet. Hendingane danner grunnlaget for risikovurderingane for dei ulike hendingkategoriane. Funnene frå gjennomgangen er samla i appendiks 1 som er unnateke offentlegheit jamfør offentleglova §24. 3. ledd. Dette er mellom anna gjort for å ikkje synleggjere potensielle terrormål, og ikkje spreie unødig frykt.

Delegerete saker - teknisk forvaltning (17.10.2018 - 28.11.2018)

ArkivsakId	Jpld	Dok.dato	Sbh	Journaltittel
18/737	18/8550	06.11.2018	RAAN	Utsleppsløyve GBNR 33/93
18/576	18/8546	06.11.2018	RAAN	Landingsløyve - Ådland og Hisdalsfjellet